

ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2017

Årsmeldinga omfattar følgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del

2. Generell del

2.1 Viltforvaltning

2.1.1 Villreinforvaltning

2.1.2 Småviltforvaltning

2.2 Fiskeforvaltning

2.2.1 Fiskeutsetting

2.2.2 Prøvefiskeresultat

2.2.3 Garnfiskestatistikk

2.2.4 Kalking

2.2.5 Anna fiskekultivering

3. Fjellstyrehyttene

3.1 Hyttestyret

4. Beiteleiga

5. Anna

1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2017 og 2016 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2017	2016	UTGIFTER, DRIFT	2017	2016
Salsinntekt	809 375	705 492	Lønskostnader	54 323	72 545
Anna driftsinntekt	224 414	214 779	Avskrivningar	82 863	82 863
			Varekostnad	2 240	22 330
			Anna driftskostnad	703 971	646 033
Sum driftsinntekter	1 033 789	920 271	Sum driftskostnader	843 397	823 770
Driftsresultat	190 392	96 501			
Netto Renteinntekt	25 268	22 903			
Sum årsresultat	215 660	119 203			
Bankinnskot, kontantar og liknande.	2 481 251	2 039 116			

Kommentar:

Her viser hovudtala frå rekneskapet samanlikna med tala frå året før. Årsresultatet viser eit overskot med kr 215 660.

Inntektene:

Inntektsauka skuldast i hovudsak sal av kort for småviltjakt, fiskekort og villreinjakt.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostane er knytt til drift og omfattar kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskap tenester og kontingent til Norges fjellstyresamband. I tillegg vart fellingsavgifta på over kr 42 000 sidan det var ein relativt god jakt i Eidfjord.

Investeringar:

- Det er ikkje utført oppgåver eller gjort innkjøp som er å rekna som investeringar.

2. Generelt

Fjellstyret har helde 6 styremøte og handsama 23 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret,

www.eidfjord-fjellstyre.no

2.1 Viltforvaltning

2.1.1 Villreinformvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er;

Hovudmål: - produsere 2.000 – 2.500 kalv årlig (målt ved kalvetelling)

Delmål: - simleandelen på 40% (målt ved strukturtelling)

- bestandsstorleik maks 12.000 før kalving.

- halde ein mest moleg stabil bestandsstorleik over tid.

Samla kvote vart sett til 8 000 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 678 fellingsløyve (inkl. kalven som følgde på simle/ungdyrløyve). Denne var fordelt med 144 frie dyr og 267 simle/ungdyr med rett til å fella kalv. Fjellstyret ynskjer å visa ein forsvarleg forvaltning og ikkje sleppa til for mange jegerar på statsallmenningen. Stor fellingskvote og redusert jaktbart areal resulterte i at fjellstyret avgrensa talet jegerar på allmenningen til 130. Det vart selt om lag 280 fellingsløyve. Dette resultera i at fjellstyret satt at med om lag 80 løyve som ikkje vart selt.

Totalt for allmenningen vart det felt 155 dyr på kort utsteda av fjellstyret. Når det gjeld Eidfjord sin fellingsprosent er denne rekna av tildelt kvote og var da på 22,9%.

Fredningssona som omfatta meir enn halvparten av arealet sør for Nordmannslågen var vidareført. Fredningssona syntes å ha hatt ein positiv effekt. Reinen kom langt vest og var i Eidfjord nærare 14 dagar.

Som lekk i overvaking av skranterjuke vart alle vald på Hardangervidda pålagt å ta prøvar av alle vaksne dyr. Fjellstyret tok initiativ til informasjonsmøte for jegerane og delte ut prøveutstyr saman med at dei henta fellingsløyve. Det er ikkje registrert smitta rein på Hardangervidda.


2.1.2 Småviltforvaltning

Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/obs	Ryper/km ² (med 90% sikkerheit)	Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4	2,9
2009	Eidfjord Statsalm	22	113675	21	97	4,6	3	2,6
2010	Eidfjord Statsalm	24	129050	25	197	7,9	4	7,5
2011	Eidfjord statsalm	26	155039	34	290	8,5	7	5,2
2012	Eidfjord statsalm	29	167010	23	81	3,5	2	1,7
2013	Eidfjord statsalm	25	131230	48	193	4,0	3	4,3
2014	Eidfjord statsalm	24	149713	61	428	8,5	11	9,8
2015	Eidfjord statsalm		129600	28	65	2,3	1,8	1,2
2016	Eidfjord statsalm	24	158300	29	140	4,8	2,5	3,6
2017	Eidfjord statsalm	26	161500	76	439	5,8	10,1	4,4

Takseringsresultatet viser at rypebestanden er i vekst igjen, det vart observert fine kull. Retningslinjene for når det kan opnast for jakt er 8 ryper/km², og det vart opna for jakt.


2.2 Fiskeforvaltning




Samla tal for garnfisket viser stabil fiskeinnsats dei siste 5 år. Avkastinga siste året viser ein liten auke, dette kan tyda på at det er gode årsklassar det no vert fiska på.

Samla var det 87 garnfiskarar som hadde løyst kort.


Fangststatistikk frå dei viktigaste vatna;



I Tinnhølen er det samanheng mellom fangst og fangststinsats.



Fangststinsats har minka noko og avkastning er stabil. Dette tyder på potensial til å ta ut meir fisk frå Nordmannslågen.



Fangstsinnsats og avkasting har auka og viser god samanheng.

2.2.1 Fiskeutsetting

Villfisk fanga med elektrisk fiskeapparat, feitfinneklippa og satt ut i Tinnhølen

År	Tal frå Svinto	Tal frå Bjoreio
2008	348	30
2009	342	
2010	160	
2011	181	
2012	50	
2013	248	
2014	151	
2015	134	
2016	208	
2017	291	


Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Fisket føregår med elektrisk fiskeapparat i Svinto og Bjoreio. Aureungane vert feitfinneklippi før dei vert sett ut i Tinnhølen. Statistikken viser til tal fanga villfisk. Årleg fangar Statkraft om lag 50 stamfisk. Statkraft hadde ikkje setjefisk av Tinnhøl-stamme for utsetjing.

2.2.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2017;

Svartavatnet

Det har vore gjennomført eit prøvefiske som ein del av tynningsfisket. Resultatet frå prøvefiske forsterka inntrykket av god rekruttering med stor del småfisk i stamma. På redusert prøvegarnseriar (14 garn) vart det teke 89 aurar med samla vekt på 11 kg som gir ei snittvekt på 124g. Situasjonen i vatnet synest stabil, ingen stor betring å sjå i fiskestorleiken. Diagrammet viser fordeling av fangsten i prosent frå prøvefisket i lengdegrupper.



Effekten av kalking har vore auka rekruttering som vider igjen i diagrammet at det er mykje småfisk i vatnet.

Svartavasstjørn

Det har vore gjennomført eit forenkla prøvefiske med 6 garn som ein del av tynningsfisket. Fangsten var 69 aurar med samla vekt på 7,9 kg som gir ei snittvekt på 115g.

2.2.4 Kalking

Det vart registrert nedgang i pH etter siste kalking i 2013. Det vart difor vedteke at kalking vart gjennomført i 2017 med tilsaman 35 tonn. Svartavatnvassdraget vart kalka med 20 tonn kalkmjøl. Nytt er at Istjørna i tillegg til tjørn nord for Krobu og er kalka. I tillegg er det gjennomført ein grundig overvaking av vasskvaliteten og botndyr. Vassanalysene viser auke i pH igjen som følge av kalking. Sentral ønska effekt av kalking har vore å reetablere marflo og skjoldkreps. Vassanalysene tyder på at vasskvaliteten ikkje har vore god nok til at marflo har klart å etablere ein livskraftig stamme i vassdraget.

2.2.5 Anna fiskekultivering

Det har vore gjennomført overvaking av rotenonbehandla vassdrag med el-fiske og ørekyteruser. Det er ikkje funne ørekyte etter rotenonbehandlinga.

3. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast.

Fjellstyret har søkt om å overta naust på Gamla Sandhaug som kommunen har kjøpt i samband med kjøp av Klokkargarden. Det er ikkje motteke svar frå kommunen.

3.1 Hyttestyret

Me har i 2017 arbeid med teikningar til bu ved Heisantjern i Viersla, byggjeløyve gitt.

Fjellstyret har også fått løyve til tilbygg Krobu.

Har også inne søknad om naust ved Dimmedalsvatn, Steinkjerosen, avslag på byggjesøknad.

Krobu :

Transport av ved /propan

Ein del grunnarbeider ifm tilbygg, nye pillarer, dette utført av fjelloppsynet

Gamla Sandhaug:

Sjekk av 12 volts anlegg,

Transport av ved / propan, kjøpt inn kjøkkenutstyr mv, tømmt toalettank

Montert ny vedovn i steinbua.

Viersla:

Transport av ved og propan, kjøpt inn div kjøkkenutstyr

Langavasshadle:

Transport av ved propan+ sjekk av brannslukkere og solselleanlegg

Stigstuv:

Sjekk og supplert med ved/gass

Sjekk av brannvarslere

Tinnhølen:

Transport ved og propan

Heisantjernsbu:

Transport av ved/propan

Skulevikshytta:

Ingen spesielle arbeider, hytta er stengt og vert ikkje utleigd.

4. Beiteleiga

Halne beitelag slepte 723 sau og lam på beite. Beitelaget følgde ikkje opp avtala om beiteslepp, dette er påtala til laget.

Halne beitelag søkte om å få ta inn nytt medlem i beitelaget. Dette gikk fjellstyret imot, saka vart klaga inn for Landbruksdirektoratet. Fjellstyret fekk medhald i saka.

5. Anna

- Hardangervidda Fjellopsyn A/S (HF as) har utført oppgåver etter vedteke budsjett.
- Lars Kristian Eidnes er styremedlem til styret for Fjellstyra på Hardangervidda AS.
- Lars Kristian Eidnes er medlem i Villreinutvalet.

Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes

- s -

Asle Øydvin

- s -

Vidar Riber

- s -

Nina Eiken

- s -

Atle Myklatun

- s -

Håkon Kvammen

- s -

Dagny Opedal

- s -

